

Baldersteinen



Midt i Husabø står Baldersteinen, ein bautastein på 7,8 meter. Baldersteinen er landets høgste bauta. Alle dei norske bautasteinane

som er blitt daterte, er sett opp i eldre jarnalder (frå 500 f.Kr. til 550 e.Kr.) og i siste del av vikingtida (800-1050 e.Kr.).

Eit islandsk sagaskrift frå 1300-talet er utgangspunktet for romanen om Fridjof den Frøkne. Av teksten frå 1300-talet går det fram at det låg eit Baldershov på Systrand. Historikarar har knytt dette hovet til Husabø. Området kring bautasteinen har namnet "Baldershagen".

Den høgreiste steinen har truleg lite å gjera med guden Balder. Mest truleg er steinen reist på grava til ein hovding som heldt til her i jarnalderen. I hagen mellom steinen og sjøen er det avdekkja eit større gravfelt frå eldre jarnalder. Fleire mindre bautasteinar er funne i samband med dei arkeologiske undersøkingane av gravminna – både på dagens gravplass og ved Systrand gartneri.



BALDER STONE – NORWAY'S HIGHEST

Below the main road, in the centre of the Husabø hamlet, stands the Balder Stone, a stone monument of 7.8 meters. The Balder Stone is the highest in the country. All the Norwegian stone monuments, that have been dated, originate from the early Iron Age (from 500 BC to 550 AD) or in the late part of the Viking period (800 to 1050 AD).

An Icelandic saga from the 1300s is the basis for the novel about Fridtjov the Bold. The text from the 1300s mentions the existence of a Baldershov, a temple dedicated to the Norse deity Balder, in Systrand. Historians have linked this site of worship to Husabø. The area surrounding the stone monument has therefore been named Baldershagen, i.e. the Balder Garden.

It is most likely that the noble stone has no connection with the god Balder. More probably, the stone was erected at the grave of a chief who lived here in the Iron Age. In the garden between the stone and the fjord, a larger burial mound from the early Iron Age has been revealed. Several smaller stone monuments have been discovered as a result of the archaeological investigations of the tombstones – both at today's cemetery and next to Systrand Garden Centre.



Systrand sogelag



Leikanger



Leikanger kommune

Andre språk - meir informasjon / Other languages - more information: www.systrand sogelag.no • www.leikanger.kommune.no • www.opplevleikanger.no

Informasjonstavla er laga i et samarbeid mellom Systrand Sogelag og Opplev Leikanger med støtte fra Leikanger kommune, Sparebankstiftinga og Gjensidigestiftninga. Layout: IHP as - Leikanger